

«Slemme misjonærer fra Stavanger»?

LUDVIG MUNTHE

Det var Henrik Ibsen i «Peer Gynt» (1867) siste akt, der Peer er i Afrika, som lanserte uttrykket: «Slemme misjonærer fra Stavanger».

Året før (1866) vart pionermisjonæren H. P. S. Schreuder i Sør-Afrika ordinert til misjonsbiskop. Norsk misjon sitt Afrika-engasjement var såleis omtala i «media» på den tid. Det er truleg bakgrunnen for utsagnet.

Etter å ha omhandla Peer Gynt sitt møte med kannestøyparen og dovregubben, let Ibsen han møta den vonde sjølv, «den magre» som Ibsen kallar han. Vondemannen må i si jakt på den arme Peer heilt til Sør-Afrika via Cap det gode håp å finna sitt bytte.

I sinne over å måtta dra så langt, seier den magre: «Gid jeg betids ham fanger. Det Kapland, det Kapland var mig alltid imod. Der findes nogle slemme misjonærer fra Stavanger.»

I farne år og alt til vår eiga tid har dette vore sitert og brukt i kritikken av misjonen. Radikale kulturmiljø i landet vårt har ropt høgt varsko om kva ulukker som kunne henda der misjonærer sleptest laus på folk.

Dei ville valsa ned, ikkje berre den stadeigne religionen, men også annan kultur i Sør-Afrika, på Madagaskar og i dei andre misjonslanda. Gjennom sin tale om synd og skuld ville misjonærene dertil skapa vondt samvet hos menneske som levde i harmoni med seg sjølv under paradisiske tilhøve.

Er misjonærene slemme? Til det kan me svara både ja og nei. Når me misjonærer tenkjer attende på vår skort på tolmod og evne til kjærleg forståing i kvardagens møte med folket i den tredje verda, når me finn at me var for strenge i vår oppdragarrolle, ja då har me grunn til å vera leie oss.

Episoden med den norske tilsynsmannen mellom misjonærene som i byrjinga av århundret kom ridande på inspeksjon til ein av misjonsstasjonane, og som før han hadde stege av hesten hadde avsett heile flokken av gassiske katekistar som stod og tok imot han, er både tragisk og komisk.

Heldigvis var dette ein episode og ikkje mønsteret. Men det støkk i oss så me må spørja om det verkeleg fanst ein ovanfrå-ned grunninnstilling hos misjonæranne på den tid.

Endå verre var det sjølv sagt med den misjonæranne som ferda til fengsel i kjellaren på misjonsstasjonen der han heldt utrugne medarbeidarar, om ikkje i veker så i dagar.

Vedkomande misjonær var det elles synd på. Han vart send heim sinnsjuk. Likevel set episoden som eit agg i oss.

Det hende også at me misjonæranne var slemme mot kvarandre, også då me ikkje kunne skulda på malariaen som herja i blodet og hissa oss opp.

Sjølv om misjonæranne i normal sinnstilstand jamt over har hatt eit avbalansert, greitt, ja godt tilhøve til både kolleger og til det folket dei arbeidde mellom, kan ein ikkje bortforklara uverdige stridar misjonæranne imellom.

Misjonsarkiva gøymer på hendingar som både undrar og skremer. Ulik kjemi og det faktum at utsendingane var tvungne til å bu på same isolerte staden, er ikkje orsaking nok.

Det spørst difor om kritikarane ikkje har rekna med at me som *menneske* har vore snillare enn me i røynda er. Diverre er me berre vanlege menneskeindivid som Gud har kalla, men som han gjennom heile livet vårt strevar med å få skikk på. Me vedgår ope at me er stridlynte, syndige menneske som har store vanskar med vår «Kristi efterfølgelse».

Difor *ja* til Ibsen si formulering.

Skulle det dertil vera noko i påstandane sett fram nå ved 500-års jubileet for Columbus, at misjonæranne ikkje berre i tid fylgde etter erobrarane til Latin-Amerika, men også gjekk deira ærend, ja då hjelper det ikkje å løyna seg attom det faktum at me her til lands berre har arbeidt der dei siste 30 åra. Då må me kollektivt kle oss i sekk og oska.

Derimot er me ikkje villige til å gå nokon kanossagang og nikka til at me har vore kulturrøydarar på misjonsmarkene. Ser me som døme på Madagaskar, finst det dokumentasjon slik at spørsmålet kan etterprøvast.

Norsk misjon skal for det første ha gjort hververk på den såkalle «opprinnelege» religionen.

I iveren etter å kritisera dei slemme misjonæranne frå Stavanger har ein gløymt at det knapt nokon stad i Afrika finst det ein kan kalla opprinneleg folkereligion og kultur.

Dette gir rett nok ikkje misjonæranne høve til fritt å riva ned det stadeigne av idag. Men realiteten er at all kultur som ikkje er heilt isolert, er i utvikling og gjennomgår forandring. Det skulle kunna gjera misjonæranne, om ikkje skuldfrie, så i alle høve mindre eksklusivt fårlege.

Lenge før nokon kristen misjonær kom til det afrikanske kontinent og til øyane ikring, hadde religionane og kulturovringar elles vore under press og påverknad frå ulike hald.

Då dei første katolske misjonærene kom til Madagaskar på 1500–1600-talet, fann dei såleis at Jesus alt var kjend og inkorporert i det stadeigne religiøse systemet på sør-austkysten på øya.

Islam og Koranen hadde kome til Madagaskar 600 år før den kristne kyrkja og Bibelen. I Koranen finst det heile 93 surer (kapittel) som nemner Jesus.

Den såkalla «opprinnelege» religionen var såleis alt «øydelt» eller rettare: hadde vore under påverknad, ikkje berre frå islam, men frå ei mengd religiøse idear som hadde funne vegen til øya frå t.d. Indonesia og det afrikanske fastlandet.

Gjennom den gamle såkalla arabisk-gassiske skriftradisjonen ser ein kor sterkt denne påverknaden var. Sjølv fedrekulten, det mest sentrale element i gamal gassisk religion, har teke opp i seg element frå islam si lære om «djinnene», dei tenande åndene som etter Koranen samarbeider med dei gamle profetane.

Når nokon døyr på Aust-Madagaskar, hevdar folkereligionen at *ziny* (djinner) svevar som fårlege dødsfuglar over landsbyen.

Ein trudde lenge at dette var ein «opprinneleg» del av den stadeigne religionen. Nå veit me at djinnelæra i gassisk fedrekult kjem frå islam og berre er tilpassa det religiøse miljøet på øya. Provet for dette finst i manuskript tilhøyrande den arabisk-gassiske tradisjonen, som viser at også sume «ziny»-fuglar på Madagaskar kommuniserar med Koranen (og G.T.) sine profetar.

Misjonen vedgår ope at ein gjennom forkynning om frelsa i Jesus Kristus ynskjer å påverka einskildmenneske. Lik utsendingane for 150 år sidan ynskjer misjonærene av idag at tilbodet om frelsa må nå ut til alle og inn til hjarto så folkeslaga kan oppleve same signing som me nordmenn då misjonærar kom til oss på 900-talet, medan me ennå var heidningefolk.

Me veit samstundes at me såleis skaper uro og får det til å knaka både i nærmiljø og i folkereligionen sine grunnvollar. Men me vil forsvara både vår eigen rett til å forkynna og arabarane si markedsføring av sin religion.

Sidan menneske alltid påverkar og påverkast når dei møtest, kan skuldinga om kulturimperialisme knapt avgrensast til berre å treffa misjonærar.

Sosialantropologen professor Arne Martin Clausen slår i eit intervju i Misjonstidende nr. 9 for 1992 fast: «Det er en menneskerett å drive påvirkning.»

I samsvar med denne utsegna, kan me vel seia at dersom misjonærar er slemme når dei forkynner Kristus mellom folkeslaga, er også alle dei

slemme som gir ut og spreider litteratur anten bøkene inneheld ideologi eller teknikk, dei som driv varehandel, dei som via satelittborne TV-program presenterar sin bodskap til snart kvar krok og stad på jorda.

Dei påverkar sterkare enn ressursfattige misjonsselskap. Men me vil forsvara også deira rett til å by fram sine varer på handels- og åndstorget.

Me er truleg vortne meir nøkterne når det gjeld vårt tilhøve til nøytralitet. Det synte seg jo snart at fredskorpsdeltakarane frå mange land for nokre tiår sidan, på trass av klåre program og instruks om 100% nøytralitet, likevel var eksportørar av ideologiar og tradisjonar.

Ja dei kom endåtil uvarande å sneia borti den stadeigne religionen. Me kjenner til eit døme der dei, for å hjelpa mot hungersnaud, sette sine traktorar i gang med å pløya opp ei stor fruktbar slette som låg unytta. Men i staden for glade å dyrka denne jorda rømde innbyggjarane i panikk landsbyen og heimane sine og flytte med alt sitt.

Dette var fedrene sitt jordstykke og så tabubelagt at folk ikkje kunne så mykje som å gå over marka som nå var gjort til åker.

Ein vedgår idag gjerne at misjonæranne ikkje er åleine om å vera «slemme». Likevel finn ein hos misjonæranne ei uakseptabel nedvurdering av stadeigen afrikansk religion, uttrykt gjennom Wexels si misjonssalme frå 1846 om «korset at skue hvor afguden stod». Sidan nett den salmen vart sunge med jubel og kraft under NMS-jubileet i 1992, spør det om ein ikkje her har å gjera med ei uakseptabel grunninnstilling.

Når det gjeld misjonæranne sitt tilhøve til gamle kultstader i misjonslanda, vågar me likevel påstanden om at det er merkt av respekt. Truleg har dei innfødde kristne hatt større vanskar med å syna avgudane toleranse.

Ser ein nærare etter, vil ein lett finna døme på at norske misjonæranne mest i uventa grad har vore kulturkonserverande. Dei har stilt opp i første rekkje og verja slikt i den stadeigne kulturen i misjonslanda som dei fann var «gjævt, rett og rosverdige». Dertil har dei registrert mangt anna gamalt. Ein må ofte gå til misjonæranne sine arbeid for å få greide også på slike religionselement som misjonæranne slett ikkje heldt for å vera til bate, men som dei fann var ein røyndom.

Lars Dahle er kjend og vyrd på Madagaskar for eit stort bibelrevisjons- og -omsetjingsarbeid. Gjennom fjorten år, frå 1873–1887, utførde han ei bragd for gassisk kyrkje og kultur.

Bibelutgåva hans vart nytta ikkje berre om søndagen i kyrkja og i folk sine andaktsstunder kring i heimane, men også i kvardagen – då som ordbok i rett skrivning av gassisk språk, brukt av elevar og lærarar i skulen når dei skulle skriva og retta stil på morsmålet.

Det var ikkje tilfeldig at Dahle trefte blinken i sitt arbeid med gassisk bibelspråk. Han hadde studert røtene til gassiske målføre i afrikanske, arabiske og indonesiske miljø. Artiklane hans i «Antananarivo Annual» om språkvitskapelege emne er framleis sett på som klassikarar.

Vidare samla og ga Dahle ut gassiske eventyr, ei folkloresamling på 457 sider som berga mykje verdfullt materiale frå å verta gløymd og borte.

At han skreiv teologiske bøker på gassisk var ventande, stor teolog som han var. Læreboka hans i dogmatikk som byggjer på Gisle Johnson sin modell, har på presteskulen Ivory vore i bruk alt til etter siste krig.

Likevel er Lars Dahle her heime gong på gong plassert mellom dei slemme misjonærane frå Stavanger. Han er serleg kritisert for i sitt ungdomsverk: «Madagaskar og dets beboere» (to bind frå 1877–78) å ha omtala gassarane vørdlaust.

Ut frå ein snev av marxistisk historiesyn, etterlyser dei meir økonomisk analyse av grunnane til misjonsarbeidet og avviser at misjonen som fenomen berre kan ha vakse fram av kall og av religiøs-teologiske idear, slik Dahle og hans kolleger held fram.

Det ein kan merka seg, er at denne kritikken kjem frå misjons-skeptikarar i Norge. Universitets- og kyrkjefolk på Madagaskar som gjennom misjonærar eller norsk-kunnige gassarar har fått sett seg inn i boka, registrerar hans beintframme stil, hans omtale av brest og manglar ved gassisk karakter. Men dei meiner anten at dette ikkje er nemnande, eller så gir dei Dahle rett i hans karakteristikkar.

Det som gassiske forskarar merker seg og lovprisar forfatternen for, er den eineståande innsikt boka gir i gassisk historie, språk, folkeliv og religion, emne som var lite granska i 1880-åra. At gassisk interesse for bøkene framleis er levande, syner at det hundre år etter at bøkene vart trykte, kom oppmodingar om å få ei trykt omsetjing til fransk eller gassisk av heile eller deler av verket.

Dahle er vidare her heime kritisert for ikkje å ha reist seg i protest mot den form for slavehald og liveigenskap som ennå rådde på Madagaskar då han kom ut til sin eine 18 år lange arbeidsperiode.

Det er rett at Dahle ikkje kjempa mot slaveriet gjennom protestar offentleggjorde ute og ved skriving i avisene her heime eller ved demonstrativ heimreise.

Men då han starta presteskulen i 1871, tok han opp som elevar to gutar av slaveætt. På benken ved sida av sette han to ungdomar frå den høge adel i hovedstaden. *Det* var meir enn ein protest. Det var eit program for løysing av eit komplisert problem. Nett langs denne Lars Dahle-linja har Madagaskar på fredeleg vis kome seg ut av slaveriuføret.

Etter å ha nemnd kulturberaren Lars Dahle, kan ein vidare peika på dei norske misjonslegane som kom til Madagaskar og arbeidde der i førre århundre.

Cand. med. og cand. theol. Christian Borchgrevink kom til Madagaskar i 1869. Frå første dag var han i arbeid som lege i Antananarivo. Sidan kom dr. Carl Johan Guldborg, spesialist på farmakologi og dr. Ove Jakob Thesen, aunespesialisten. Saman med diakonissa Edwarda Christiansen bygde dei opp eit mønster av ein kristen diakoni.

Dei fekk i gang sjukepleiarskule. Dei bygde opp det ein kan kalla eit universitetssjukehus saman med den skotske legen Davidson. Dei utdana og sende ut dei første gassiske legane i øya si historie.

Kor seriøs undervisinga av gassiske legar var, ser ein ved å studera rekkja av lærebøker i anatomi, indremedisin, kirurgi og farmakologi dei skreiv og ga ut. Den største boka er på over 700 sider i fint trykk med plansjer og bilete. Og framom alt: med tekst på godt gassisk språk.

Desse lærebøkene er ikkje i bruk lenger. Men dagens medisinske fakultet ved Antananarivo universitet tek med stor respekt vare på dei. Bøkene representerar både medisin- og kulturhistorie.

To gassiske forskarar har til nå teke sin dr.grad på materiale kring norsk legemisjon. Tilfanget til sine avhandlingar har dei funne i misjonen sine mønstersamlingar av gamle dokument i Antananarivo og i Stavanger.

Gjennom sine arkiv har misjonen lagt ned store ressursar for å kunna hjelpa folket på øya som idag er på leit etter sin identitet og si historie.

Også i vår tid held misjonen sitt kulturarbeid fram parallelt med forkynning, undervising og diakonal innsats. I dei to nemnde arkiva set dagleg forskarar innan ulike fag og blar i dokument tekne vare på frå den tidlege arbeidsstarten til idag, godt hjelpte av arkivarar som kjenner både gassisk og norsk, utdana og sette i arbeid etter initiativ frå misjonen.

Og nestor mellom norske misjonsforskarar, 90 år gamle språkforskarer Otto Chr. Dahl (dr. philos.), har nyleg gitt ut ei samling ordtøke frå Sakalava-kysten på Madagaskar, funnen i papira etter ein kollega avleden i første del av vårt århundre. Og meir vil det koma.

Då Tulear-universitet i 1993 skreiv under ein samarbeidsavtale med Høgskulesenteret i Stavanger, var det misjonen sine folk som var kontaktskaparar og mellommenn.

Me kan visst difor våga oss å påstå at «misjonærer fra Stavanger» slett ikkje er så slemme. Dei er ikkje så øydande for misjonslanda sin kultur som «den magre» i Ibsens Peer Gynt synest å tenkja seg.

Det er elles interessant å observera at Ibsen let representanten for

«vondemannen» bera fram kritikken mot misjonæranne. Det får oss til å undrast på om Ibsen sjølv kanskje ikkje var så negativ overfor misjonen som ein gjerne har trudd.

Ved ei tilfeldig hending vart Ibsen-festivalen i Oslo avvikla samstundes med at NMS feira sitt 150-årsjubileum.

Og kva hende? Jo, Peer Gynt kom attende frå Afrika gjennom ei teaterframsyning. Ibsen hadde inspirert bantu-folk frå Sentral-Afrika til å spela ut si oppleving av bodskapen om den universelle søkjing etter livsmeining, etter svar på Peer Gynt sitt spørsmål:

«Hvor var jeg som meg selv, som den hele, den sande?

Hvor var jeg med Guds stempel på min pande?»

Ibsen var ein framstående representant for den norske kristne kulturarv. Når hans arbeid framleis er aktuelle verda over, viser det at han peikar på vesentlege spørsmål for oss menneske, noko me trygt kan dela med andre.

Me i misjonen skal med stort frimod gå ut med *vårt* bidrag: «Det viktigste» (motto for misjonsjubileet): nemleg evangeliet, basis for denne vår kultur.

PS: Dokumentasjon til ein del av materialet som her er nemnd, finst i *Forskere i misjonens tjeneste*, Stavanger 1993.

Ludvig Munthe, f. 1920, cand. theol. MS 1946, Licence en Theologie (Paris) 1957. Misjonsprest på Madagaskar (NMS) 1946–65, lærer på Misjonsskolen (1966–75), professor på MF (1977–87). Diverse bøker og artikler om misjonsteologiske emner.

«Evil missionaries from Stavanger»?

Referring to Henrik Ibsen's reference (in *Peer Gynt*) to «evil missionaries from Stavanger», the author describes various missionary attitudes to non-Western cultures. The history of colonialism and cultural imperialism cannot be ignored and continues in various ways. On the other hand Christian mission has also been a creative force in strengthening indigenous cultures, through the preaching of the gospel, using vernacular languages, studying local history and traditions, establishing educational and medical institutions, etc. The missionaries from Stavanger may have approached various non-Western cultures with limited understanding, but they were not as «evil» and destructive of foreign cultures as Ibsen suggested.